



Åseral kommune

EINING FOR SERVICE IKT OG KULTUR

Melding om vedtak

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep

0030 OSLO

DYKKAR REF:	VÅR REF:	SAKSHANDSAMAR:	ARKIVKODE:	DATO:
	5843/2014 - 2014/100	Janne Thorsland Elvenes	G21	15.09.2014

VEDK.: HØYRING: FRAMLEGG OM Å FJERNE HENVISNING FRÅ FASTLEGE VED SØKNAD OM ABORT.

Vedlagt følger særutskrift av saka som vart handsama i Åseral kommunestyre i møte 9. september 2014, sak 14/43.

Med helsing



Janne Thorsland Elvenes



HØYRING: FRAMLEGG OM Å FJERNE HENVISNING FRÅ FASTLEGE VED SØKNAD OM ABORT.

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
G21	2014/100	Anna Kaddeberg	

UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
14/40	Kommunalutvalet	26.08.2014
14/43	Kommunestyret	09.09.2014

Vedlegg:

- 1 Høringsbrev
- 2 Høringsnotat

Bakgrunn:

Helse- og omsorgsdepartementet hadde nylig på høyring eit framlegg om å gi fastlegar høve til å reservere seg mot å henvise til abort. Åseral kommunestyre ga i sak 14/11 følgjande høyringsuttale til denne:

Åseral kommune vil ikkje tildele driftshjemmel til fastleger som ønsker å benytte seg av en eventuell reservasjonsrett/søker dispensasjon fra å henvise til abort. Avgjerd om reservasjonsrett skal ikkje skje i den enkelte kommune, men bli lagt til eit statleg organ – til dømes helsetilsynet.

Framlegget møtte stor motstand i høyringa. Departementet har difor utarbeidd og sender nå på høyring eit nytt framlegg til løysning i denne saka. Høyringsfristen er sett til 15 september. Det nye framlegget skal ivareta både rettighetane til abortsøkjande kvinner og omsynet til legar som av samvitsgrunnar finn det vanskeleg å henvise til abort. Det følgjer opp ein avtale mellom H-FrP-regjeringa og KrF og forhold som kom fram i den førre høyringa. Framlegget er utarbeidd etter dialog med Legeforeininga og har slike hovudpunkt:

- Fastlegar skal ikkje lenger henvise til abort, men skal gi kvinna informasjon og rettleiing etter abortlova, gjera nødvendige kliniske undersøkingar og sende kvinna si begjæring om abort til spesialisthelsetenesta saman med nødvendige medisinske opplysningar.
- Det blir gjort framlegg om å presisere i forskrift at fastleger som har felleslister kan ha oppgåvedeling der dette er grunngitt i behov for å dekke opp for ledige stillingar, ferie- eller anna fråver eller av omsyn til kvaliteten på helsehjelpa. Ordninga med felleslister skal ikkje åpne for at fastlegar kan fordele oppgåver seg imellom av andre grunnar.
- Kommunen sitt ansvar for å sørge for at praksisen til fastlegane er i tråd med regelverket skal gjerast tydeleg i forskrift.
- Endringane skal etter planen tre i kraft 1. januar 2015.
- Det skal innførast eit felles nasjonalt grønt telefonnummer for uønska gravide og kvinner som vurderar abort, og tilbodet til dei som tek direkte kontakt med sjukehuset for abort, skal styrkjast.

- For å sikre at regelverket blir følgt, har departementet bede Statens helsetilsyn om å gjennomføre tilsyn med oppfølging av praksis når det gjeld begjæring om abort og lovstridig reservasjon av samvitsgrunnar hausten 2016.

Vurdering:

I vurderinga legg ein særleg vekt på den delen av framlegget som gjeld presisering av i kva grad det er høve til at legar med fellesliste kan fordele oppgåvene seg i mellom. Som kjent er dette aktuell problemstilling i vår kommune der den eine av våre to legar reserverar seg mot å legge inn spiral. Alle andre oppgåver, inkludert henvising til abort, blir ivaretatt av begge legane.

Ordninga med fellesliste gir grunnlag for at fastlegane kan fordele arbeidsoppgåver seg imellom for å dekke opp for ledige stillingar, ferie- eller anna fråver eller av omsyn til kvaliteten på helsehjelpa. Som nemnt i høyringsnotatet har det synt seg å vera uklarhetar i forståelsen av i kva grad fellesliste gir legane høve til å reservere seg mot bestemte oppgåver av samvitsgrunnar, men etter departementet si vurdering åpnar ordninga ikkje for dette.

Ved tilsetjing av legen for over 20 år sidan, var dette ikkje aktuell problemstilling, og legekantoret har etablert ein praksis som ivaretek pasientane på ein forsvarleg måte. Fylkesmannen er kjent med situasjonen og har konkludert med at pasientane på felleslista ved legesenteret vårt får eit allmenntilleggs tilbod i samsvar med fastlegeforskrifta. Dersom forskrifta nå blir presisert og kommunane i sin ytterste konsekvens vil måtte seia opp fastlegeavtalen, vil dette, slik vi ser det, ha svært uheldige konsekvensar for pasientar som gjennom lang tid har fått gode tenester av fastlegen sin. Kommunen meiner difor at det - etter tilråding frå Fylkesmannen - bør vera høve til å halda fram med ein praksis som hittil har fungert tilfredsstillande.

Framlegg til uttale:

Åseral kommune støttar prinsippet om at fastlegar ikkje skal kunne reservere seg mot visse oppgåver, og ved nytilsetjingar må ein sikre seg at legen kan ivareta alle allmenntilleggsoppgåvene for pasientane sine. Kommunen meiner likevel at det må vera høve til å vidareføre ein etablert praksis med fordeling av oppgåver mellom legar med fellesliste så lenge den aktuelle tilsetjinga gjeld.

Saksprotokoll i Kommunalutvalet - 26.08.2014

Framlegg til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale:

Åseral kommune støttar prinsippet om at fastlegar ikkje skal kunne reservere seg mot visse oppgåver, og ved nytilsettingar må ein sikre seg at legen kan ivareta alle allmennlegeoppgåvene for pasientane sine. Kommunen meiner likevel at det må vera høve til å vidareføre ein etablert praksis med fordeling av oppgåver mellom legar med felleliste så lenge den aktuelle tilsettinga gjeld.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 09.09.2014*Framlegg:*Gro Boge Aasheim, Åseral Høgre:

Åseral kommune støttar prinsippet om at fastlegar ikkje skal kunne reservere seg mot visse oppgåver, og kommunen må sikre seg at legen kan ivareta alle allmennlegeoppgåvene for pasientane sine.

Votering:

Framlegg frå Gro Boge Aasheim, Åseral Høgre fekk seks røyster (G.B. Aasheim, Arild Forgard, Audun Forgard, N. Tollefsen, E.B. Øyulvstad og V. Sandåker).

Kommunalutvalet sin uttale vart vedteke med 11 røyster (E.T. Eikerapen, A. Skeibrok, H.D. Heing, O. Austegard, J.O. Selland, K. Røynlid, O. Ljosland, O. Åsland, J.A. Bjørndal, T. Hagen og T.H. Åsland).

Uttale:

Åseral kommune støttar prinsippet om at fastlegar ikkje skal kunne reservere seg mot visse oppgåver, og ved nytilsettingar må ein sikre seg at legen kan ivareta alle allmennlegeoppgåvene for pasientane sine. Kommunen meiner likevel at det må vera høve til å vidareføre ein etablert praksis med fordeling av oppgåver mellom legar med felleliste så lenge den aktuelle tilsettinga gjeld.

Kopi til:

Helse- og omsorgsdepartementet, Postboks 8011 Dep, 0030 Oslo